

MØTEBOK

Organ	Fagopplæringsnemnda
Møtestad	Dale vidaregåande skule
Møtedato	10.03.2016
Kl.	10:00 - 1530

Faste medlemer til stades:

Nils P. Støyva (LO)
Jan Atle Stang (NHO)
Gunnlaug Olsvoll Røed (KS)
Eli Grov Østerbø (LO)
Henrik Oppen (HO)
Karen Marie Hjelmeseter (HNK)
Joakim Gram Haugum (elevrepr.)

Forfall til møtet:

Hildegunn Tretteteig (YS)
Hans-Jacob Sunde (VIRKE)
Pia Vee Høl (Lærlingrepr.)
Alf Reidar Myrstad (Lærarorg.)

Varamedlemer til stades:

Niklas Våtevik (Lærlingrepr.)

Til stades med møte- og talerett:

Ass. fylkesdirektør Tor-Einar Holvik Skinlo
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Teamleiar Sissel Brusegård

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 28.10.15 og 21.01.16 vart godkjend utan merknader.

I tillegg til handsaming av sakene var det følgjande munnlege orienteringar fra fylkesdirektøren:

- Fagopplæringsnemndas rolle og ansvar
- Informasjon om skulebruksplan
- Informasjon om fylkesøkonomien
- Bruk av ekstramidlar 2015
- Nye lærebodifter i 2015

Fagopplæringsnemnda var også på bedriftsbesøk og fekk informasjon ved følgjande bedrifter:

- Enoro AS
- Dale vidaregåande skule, info og omvising

SAK 4/16 Stimuleringstilskot til fag- og yrkesopplæringa

VEDTAK:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjøre slikt vedtak:

Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet kr 6.936.000,- for 2016 til lærlingar med ungdomsrett til følgjande tiltak:

- Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære - stillingsressurs
- Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år
- Sommarskule i naturfag
- Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søker til lærepllass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar eller stort fråvær.
- Oppfylgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekkja behov for ekstra tilrettelegging
- Yrkesfagleg nettverk
- Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutter i kvinnedominerte lærefag
- Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
- Kvalifisering av søkerar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
- Oppdateringskurs for prøvenemnder
- Vg3 i skule som alternativ til lærepllass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
- Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter følgjande kriterium:
 - Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
 - Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søker med ungdomsrett
 - Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
 - Styrking av instruktøroplæringa for nye lærebedrifter – tilskot på kr 5.000,-

SAK 5/16 Justering av opplæringstilbodet 2016 - 17

Fylkesdirektøren la fram saka utan tilråding

Endringsframlegg:

Arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til vedtak:

Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17:

Ved dimensjonering av tilboden innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på lærepllassar i dei ulike faga. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskjer. Elevane som skal ut i lære må i større grad ha mobilitet i høve læreplass. Lærlingane må vere villege til å flytte på seg.

Bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag

Tilboden og dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng.

I elektrofag er det tydlege signal på at tal grupper ikkje må vere høgare enn i dag. Innan teknikk og industriell produksjon er det neppe grunnlag for å auke tal grupper vesentleg. Ut frå søkjartala kan det likevel vere behov for å auke med 1 -1,5 grupper. I dette faget er signala ikkje like tydlege som i bygg og elektro. Innan bygg og anleggsteknikk er det klare signal frå bransjen og opplæringskontora at tal grupper kan aukast.

Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søkerden til bygg og anlegg i Sogn og indre Sunnfjord. I Nordfjord og Florø er derimot søkerden därlegare. Det er viktig at bransjen, opplæringskontora og skulane har dei låge søkerdena med seg i vidare arbeidet mot elevane.

Maritime fag

Det er svært god søkerden til dei maritime faga. Denne har auka frå tidlegare år. Opplæringskontoret og bransjen er likevel tydlege på at det ikkje er auka tilgang på lærepllassar. Gruppetalet og dimensjoneringa bør difor vere som i dag.

Helse og oppvekstfag

Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søkerden til helse og oppvekstfag.

Fagopplæringsnemnda er glade for dei høge søkerdena sett i høve til tidlegare år. Tilbakemeldinga frå opplæringskontoret er likevel at det ikkje er tilgang på lærepllassar på stader som elevane ynskjer å seg til. I nokre utkantkommunar er det ledige lærepllassar, men dette er plassar som elevane ikkje søker til. Ute i kommunane er aukande behov for faglært arbeidskraft som kan arbeide både i oppvekst- og omsorgssyrka. Fleire kommunar i fylket tek dverre inn alt for få lærlingar. Kommunane må bli flinkare til å ta inn lærlingar. På bakgrunn av tilgangen på lærepllassar bør tal grupper vere som i dag. Fagopplæringsnemnda ber Helse Førde om å ta inn helsefagarbeidarlarlærlingar.

Fylkesdekkande tilbod

Fagopplæringsnemnda har merka seg søkerdena til prosess og kjemifag og frisørfag kunna vore betre. Desse tilboda er fylkesdekkande og har god tilgang på lærepllassar. Desse tilboda må difor settast i gang. Innan maritim produksjonsteknikk er låge søkertal. Tal lærepllassar har også gått ned sett i høve til tidlegare lovnadar for bransjen. På bakgrunn av søkerdena og tilgangen på lærepllassar er det ikkje grunnlag for sette i gang dette faget.

Avrøysting:

Endringsframlegget var samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fagopplæringsnemnda gir følgjande uttale om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17:

Ved dimensjonering av tilboden innan yrkesfaga, er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på lærepllassar i dei ulike faga. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskjer. Elevane som skal ut i lære må i større grad ha mobilitet i høve læreplass. Lærlingane må vere ville til å flytte på seg.

Bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag

Tilboden og dimensjoneringa innan dei tre store faga bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag må sjåast i samanheng.

I elektrofag er det tydlege signal på at tal grupper ikkje må vere høgare enn i dag. Innan teknikk og industriell produksjon er det neppe grunnlag for å auke tal grupper vesentleg. Ut frå søkeratala kan det likevel vere behov for å auke med 1 -1,5 grupper. I dette faget er signala ikkje like tydlege som i bygg og elektro. Innan bygg og anleggsteknikk er det klare signal frå bransjen og opplæringskontora at tal grupper kan aukast.

Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søkeraden til bygg og anlegg i Sogn og indre Sunnfjord. I Nordfjord og Florø er derimot søkeraden dårlegare. Det er viktig at bransjen, opplæringskontora og skulane har dei låge søkeratala med seg i vidare arbeidet mot elevane.

Maritime fag

Det er svært god søkerad til dei maritime faga. Denne har auka frå tidlegare år. Opplæringskontoret og bransjen er likevel tydlege på at det ikkje er auka tilgang på lærepllassar. Gruppetalet og dimensjoneringa bør difor vere som i dag.

Helse og oppvekstfag

Fagopplæringsnemnda har merka seg den gode søkeraden til helse og oppvekstfag.

Fagopplæringsnemnda er glade for dei høge søkeratala sett i høve til tidlegare år. Tilbakemeldinga frå opplæringskontoret er likevel at det ikkje er tilgang på lærepllassar på stader som elevane ynskjer å seg til. I nokre utkantkommunar er det ledige lærepllassar, men dette er plassar som elevane ikkje søker til. Ute i kommunane er aukande behov for faglært arbeidskraft som kan arbeide både i oppvekst- og omsorgssyrka. Fleire kommunar i fylket tek dverre inn alt for få lærlingar. Kommunane må bli flinkare til å ta inn lærlingar. På bakgrunn av tilgangen på lærepllassar bør tal grupper vere som i dag. Fagopplæringsnemnda ber Helse Førde om å ta inn helsefagarbeidarlarlærlingar.

Fylkesdekkande tilbod

Fagopplæringsnemnda har merka seg søkeratala til prosess og kjemifag og frisørfag kunna vore betre. Desse tilboda er fylkesdekkande og har god tilgang på lærepllassar. Desse tilboda må difor settast i gang. Innan maritim produksjonsteknikk er låge søkeratal. Tal lærepllassar har også gått ned sett i høve til tidlegare lovnadar for bransjen. På bakgrunn av søkeratala og tilgangen på lærepllassar er det ikkje grunnlag for sette i gang dette faget.

SAK 6/16 Skriv og meldingar FON 10.3.16

VEDTAK:

Skriv til orientering:

- Yrkesopplæringsnemndas rolle og ansvar:
<http://www.ks.no/fagområder/utdanning-og-oppvekst/fag-og-yrkesopplaring/rekruttering-av-larlinger/yrkesopplæringsnemndas-rolle-og-ansvar/>

2. Handlingsprogram for fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane
